



Austrheim kommune

Dato: 03.12.2014
Vår ref.: 2014/8-15
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Svar på søknad om midlar til ny kommunal trafikksikringsplan

Det vert vist til dykkar søknad av 14.11.14 om tilskot til utarbeiding av dykkar kommunale trafikksikringsplan.

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for trafikksikring i Hordaland er det sett av eigne midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Dette er lagt opp som ei tilskotsordning der Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) handsamar søknadane og gjer vedtak. Totalt var det løyvd kr 500.000,- til kommunale trafikksikringsplanar dette året.

FTU har i møte 03.12.2014 handsama dykkar søknad og gjorde slikt vedtak:

Vaksdal kommune får tildelt tilskot på 150.000,- kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Utbetaling vert gjort innan utgangen av desember 2014.

I samband med prosjektet Trafikksikker kommune har Trygg Trafikk utarbeidd en mal til kommunal trafikksikringsplan. Denne finn de vedlagt.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.